



Måling fortel at det var sterk kuling i kasta fredag kveld og natt til laurdag og det fekk vi merke i sentrale delar av Uskedalen. Heldigvis vart det ikkje ålvorlige skadar på hus og anna, men noko vart det

Vestveggen på lòa til Leon Gundersen vart fullstendig rasert og vrakdelane slengt omkring.(foto over)

Ein eldre seglbåt som lenge har lege ankra inntil det nye bustadprosjektet på Eikelandet sleit seg. Men det underlege var at båten la seg pent til rette berre 100 meter lenger inne - ved kaia til Asbjørn Olsen.

Der kunne den tilkalla branntroppen berre sikra fortøyningane, fortel Olsen, som spøkjer med at han er imponert å ha fått båt utan å ha bestilt han. Heldigvis er ikkje båten mykje skada bortsett frå at seglet er revna.(foto under)

Tekst, foto og NETT: Ola Matti Mathisen

